



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

## Vedtak om endra løyve for Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna

**Statsforvaltaren endrar Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna sitt løyve etter forureiningslova. Oppdatert løyve tillèt mottak, mellomlagring og vidaresending av kasserte blybatteri i tillegg til opprinneleg løyve der verksemda har løyve etter forureiningslova til mottak og behandling av jern og metall, og mottak av EE-avfall og løyve til mottak og behandling årleg av 4000 kasserte køyretøy . Nokre vilkår er skjerpa som følgje av at verksemda skal ta imot farleg avfall.**

Vi viser til søknad datert 6. juli 2020 om endra løyve etter forureiningslova, og tilleggsopplysningar datert 17. september 2020 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden.

### Vedtak

Statsforvaltaren endrar Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna (NGM) sitt løyve til forureinande verksemd. Det oppdaterte løyvet med krav og vilkår følgjer med som vedlegg. Endringane i løyvet gjeld frå 10. juni 2021. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova §11, jf. §§ 16 og 29, og avfallsforskrifta §§ 4-7 og 11-6.

Verksemda får løyve til årleg mottak, mellomlagring og vidaresending av 100 tonn kasserte blybatteri, med ei maksimal lagringsmengde på 50 tonn og maksimal lagringstid på 6 månader. Den maksimale mengda lagra avfall på anlegget er auka frå 930 til 980 tonn.

NGM skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si saksbehandling. Gebyret er fastsett til 33 300 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort med heimel i forureiningsforskrifta § 39-4.

### Fristar

Innan NGM mottar kasserte blybatteri skal dei

- Sende inn ei vurdering av behov for finansiell sikring til Statsforvaltaren

Sjå også omtale i det oppdaterte løyvet (pkt. 3.2.2).



## Kort om bakgrunnen for saka

NGM har løyve til å ta imot maksimalt 11 250 tonn avfall og 4000 kasserte køyretøy, jf. løyve datert 05.09.2019. Verksemda har søkt om løyve til årleg mottak, mellomlagring og vidareending av 100 tonn kasserte blybatteri, med ei maksimal lagringsmengde på 50 tonn og maksimal lagringstid på 6 månader.

Søkar har forklart at batteria skal oppbevarast i miljøcontainer med tett kum og mellomlagringa inneber særst låg risiko for utslepp.

## Rettsleg utgangspunkt

### Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, legg vi vekt på ulempene ved tiltaket som er knytt til forureininga samanlikna med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova.

### Avfallsforskrifta

Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall har til formål å sikra at farleg avfall blir tatt hand om på ein slik måte at det ikkje skaper forureining eller skade på menneske eller dyr, eller fare for dette, og å bidra til eit formålstenleg og forsvarleg system for handtering av farleg avfall.

### Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver myndigheit. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningsliner når vi tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

### Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

### Nasjonalt prioriterte stoff

Staten har eit mål om å kontinuerleg redusere utslepp av nasjonalt prioriterte stoff (sjå vedlegg 1 i løyvet) slik at utslepp av slike stoff er stansa innan 2020.

## Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

### Grunngjeving for vedtaket

Statsforvaltaren meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne gjere vedtak i saka. Vi har teke omsyn til innkomne uttaler, og lagt desse til grunn ved utforming av løyvet.



### **Tilhøve til plan**

Området er regulert til industriformål og tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan. På lengre sikt skal Storanaset næringsområde transformeres til busetnad og anlegg i samheng med utvikling av sentrale delar av Arna slik det kjem fram av kommuneplan 2018.

### **Naturmangfaldlova**

Anlegget ligg i eit område som er regulert til industri, og tiltaket vil ikkje føre til endring i type aktivitet. I Naturbase er det registrert funn av den nært trua arten fiskemåke på Holmen vest for anlegget. Vi vurderer at endringa i løyvet ikkje vil påverka bestanden av fiskemåkar sidan verksemda opplyser at batteria skal takast vare på innandørs i tette miljøcontainerar. Området er regulert til industri og det er ikkje grunn til å tru at tiltaket vil føre til nemneverdig skade på naturmangfaldet med dei krava som er sett i løyvet. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka skal vere basert på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er med det oppfylt.

### **Vassforskrifta**

Verksemda ligg ved vassførekomsten Arnavågen (ID 0261020100-1-C) og Sørfjorden (ID 0261020100-2-C). Vasskvaliteten i Sørfjorden vest for NGM sitt anlegg har ifølgje data i Vann-Nett moderat økologisk tilstand medan kjemisk tilstand er sett til god. Rett sørvest for verksemda ligg vassførekomsten Arnavågen som ifølgje data i Vann-Nett er vurdert til å ha moderat økologisk tilstand medan kjemisk tilstand er sett til «undefinert» grunna manglande data. Begge vassførekomstane Arnavågen og Sørfjorden er i risiko og nye tiltak er naudsynt for å nå god miljøtilstand.

Verksemda har ikkje søkt om endringar som fører til auka utslepp til vatn frå anlegget. Blybatteri skal lagrast i miljøcontainer med tett kum. Vi vurderer at tiltaket ikkje vil føre til forverring av økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomsten med dei vilkåra som er sett i løyvet. Vi vurderer at krava i vassforskrifta ikkje er til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

### **Utslepp til luft**

Verksemda har ikkje søkt om endringar som fører til endra lukt frå anlegget. Vi vurderer at drifta ikkje vil føre til uakseptable ulemper for nærmiljøet med dei vilkåra som er sett i løyvet.

### **Støy**

Verksemda ligg i eit industriområde der det er lagt til rette for denne type aktivitetar. Det er ikkje venta at endringa i løyvet vil bidra nemneverdig til støy til miljøet for eksisterande, støyutsette eigedomar.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren har konkludert med at endringa er akseptabel sett i lys av forureiningslova sitt formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved endringa samanstillt med fordelar og ulemper endringa elles vil medføre, gjev vi løyve til endringa på nærare fastsette vilkår.

### **Grunngjeving for utvalde vilkår og krav**

#### **Rammevilkår (punkt 1 i løyvet)**

Verksemda får løyve til å ta imot kasserte blybatteri og ein auke på maksimal mengde avfall på 50 tonn. Kasserte blybatteri er farleg avfall og verksemda må følgje krava i avfallforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.



### **Krav til kompetanse (punkt 2.6 i løyvet)**

Tilstreккеleg kompetanse til å handtere farleg avfall skal dokumenterast, jf. avfallsforskrifta § 11-5.

### **Journalføring (punkt 3.1 i løyvet)**

Mottak, lagring og vidareending av farleg avfall skal journalførast, jf. vedlegg 4 pkt. 6 i avfallsforskrifta.

### **Farleg avfall (punkt 3.2.1 i løyvet)**

Krava i punkt 3.2.1 følgjer av krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

### **Finansiell sikring (punkt 3.2.2 i løyvet)**

I vilkår 3.2.2 i løyvet har NGM krav om finansiell sikring for den mengda lagra farleg avfall som maksimalt kan lagrast. Farleg avfallstypene som kan mellomlagrast på anlegget er avgrensa til å berre gjelde blybatteri, jf. pkt. 1 i løyvet. Utrekning av den finansielle sikringa skal vere basert på marknadsprisar. Verksemda skal sende skriftleg vurdering av behovet minimum kvart 5. år, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 Vedlegg 4 pkt. 4. Vurderinga kan sendast saman med ordinær årsrapport, jf. vilkår 3.2.2 i løyvet og avfallsforskrifta kapittel 11 Vedlegg 4 pkt. 7.

### **Krav til skjerming for nokre avfallstypar (punkt 3.5 i løyvet)**

Mellomlagring av blybatteri skal gå føre seg under tak, jf. avfallsforskrifta kapittel 11 Vedlegg 4 pkt. 4.

## **Saksgang**

Statsforvaltaren handsamar søknader i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova.

### **Førehandsvarsel og uttalar**

Søknaden har vore på offentleg høyring i lokalavisa Bygdanytt og på nettsida til Statsforvaltaren. Frist for å gi uttale var 23.10.2020. Søknaden vart òg send til kommunen for uttale. Bergen kommune fekk utsett frist til 06.11.2020. Det kom ein uttale frå den offentlege høyringa. Uttala kom frå Bergen kommune. Verksemda har fått kommentera uttala.

Nedanfor følgjer ei kort oppsummering av uttalane og verksemda sine kommentarar/merknader til desse.

Statsforvaltaren har vurdert uttalane og kommentarane ved handsaminga av søknaden.

### **Bergen kommune uttale 05.11.2020**

Kommunen vurderer mottak, lagring og ev behandling av brukte blybatteri til å vere innanfor industriformål og ut frå dette er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Storanaset næringsområde. VA-etaten stiller spørsmålsteikn ved om ein oljeutskiller med utslepp til Arnavågen er den rette sikringa mot å hindra avfall frå batteri til å komma ut i naturen. Oljeutskillerne tar ut olja, men ikkje andre kjemikalium, tungmetall og giftige stoff.



### Kommentar frå søkjar

Blybatteria blir lagra i miljøcontainer med tett kum. Dette er ein barriere som hindrar direkte utslepp ved ein eventuell lekkasje. Alle batteri er gjenstand for mottakskontroll, og skadde batteri vil raskt bli tatt hand om. Det er særst låg risiko for utslepp med tanke på utslepp frå lagring av blybatteri.

### Klagerett

Verksemda og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Med helsing

Toril Marie Mulen  
seniorrådgjevar

Åsmund Skancke Karlsnes  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Løyve etter forureiningslova for Norsk Gjenvinning Metall AS - Storanaset 42 - Indre Arna - Bergen

### Mottakarliste:

NORSK GJENVINNING METALL AS AVD ARNA	Postboks 224 Indre Arna	5888	BERGEN
BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN



## Løyve til drift av avfallsanlegg etter forureiningslova for Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna

Statsforvaltaren gir Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og avfallsforskrifta §§ 4-7 og 11-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 06.07.2020 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Løyvet er ei endring av løyve datert 05.09.2019.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som var opplyst i søknaden eller under saksbehandlinga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er tatt i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Statsforvaltaren vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Verksemdsdata

Verksemd	Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna
Stad/gateadresse	Storaneset 42
Postadresse	5260 Indre Arna
Kommune og fylke	Bergen i Hordaland
Org.nummer (verksemd)	976420632 (høyrrer til: 983413161)
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 305271, nord: 6705249
Gards- og bruksnummer	Gnr. 286 bnr. 398, 571, 223, 311 og 28
NACE-kode og bransje	38.320 – Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning
Kategori for verksemda <sup>1</sup>	-

### Referansane til Statsforvaltaren

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2019.0786.T	1201.0528.01	2019/886

Løyve gitt første gang: 05.09.2019	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18, 3. ledd <sup>2</sup> : -	Løyve sist endra: 10.06.2021
Toril Marie Mulen seniorrådgjevar		Åsmund Skancke Karlsnes overingeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk</i>		

<sup>1</sup> Forureiningsforskrifta kapittel 36 om behandling av løyve etter forureiningslova

<sup>2</sup> Forureiningslova § 18 tredje ledd om endring og omgjerding av løyve etter 10 år

## Endringslogg

<b>Endringsnummer</b>	<b>Endringar av</b>	<b>Punkt</b>	<b>Endringar</b>
1	<i>10.06.21</i>	1	Kasserte blybatteri tillatt
2	<i>10.06.21</i>	2.6	Krav til kompetanse for handtering av farleg avfall
3	<i>10.06.21</i>	3, 3.1, 3.4 og 3.5	Krav til behandling og handtering, inkludert lagring av avfall
4	<i>10.06.21</i>	3.2.2	Krav om finansiell sikring lagt til

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Rammevilkår</b>	<b>5</b>
1.1	Utforming av anlegget	6
<b>2</b>	<b>Generelle vilkår</b>	<b>7</b>
2.1	Utsleppsavgrensingar	7
2.2	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	7
2.3	Plikt til førebyggjande vedlikehald	7
2.4	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare	7
2.5	Internkontroll	7
2.6	Krav til kompetanse	8
<b>3</b>	<b>Krav til behandling og handtering, inkludert lagring av avfall</b>	<b>8</b>
3.1	Journalføring	8
3.2	Mottakskontroll	8
3.2.1	Farleg Avfall	9
3.3	Informasjon til kundar	9
3.4	Krav til dekke	9
3.4.1	Frist for tett dekke for oppstilling av sanerte og ferdigpressa køyretøy	10
3.5	Krav til skjerming for nokre avfallstypar	10
3.6	Behandling av kasserte køyretøy	10
3.6.1	Miljøsanering	10
3.6.2	Stabling av kasserte køyretøy	11
3.7	Vidarelevering av avfall	11
<b>4</b>	<b>Utslepp til vatn</b>	<b>11</b>
4.1	Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn	11
4.2	Utsleppsreduserande tiltak, reinseanlegg m.m.	11
4.3	Utgreiing av utslepp til vatn	12
4.4	Reint overvatn	12
4.5	Oversikt	12
4.6	Sanitæravløpsvatn	12
4.7	Mudring	12
<b>5</b>	<b>Utslepp til luft</b>	<b>12</b>
<b>6</b>	<b>Støy</b>	<b>13</b>
<b>7</b>	<b>Omsyn til nærmiljø</b>	<b>13</b>
<b>8</b>	<b>Grunnforureining og forureina sediment</b>	<b>13</b>
<b>9</b>	<b>Kjemikal</b>	<b>14</b>
<b>10</b>	<b>Energi</b>	<b>14</b>
10.1	Energileiing	14
10.2	Utnytting av overskotsenergi	14
<b>11</b>	<b>Avfall frå drifta av anlegget</b>	<b>15</b>
<b>12</b>	<b>Førebygging og beredskap mot forureining</b>	<b>15</b>
12.1	Miljørisikoanalyse	15
12.2	Førebyggjande tiltak	15
12.3	Etablering av beredskap	15
12.4	Varsling om akutt forureining	16



<b>13</b>	<b>Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren</b>	<b>16</b>
13.1	Kartlegging av utslepp	16
13.2	Utsleppskontroll	16
13.3	Kvalitetssikring av målingane	16
13.4	Program for utsleppskontroll	17
13.5	Rapportering til Statsforvaltaren	17
<b>14</b>	<b>Miljøovervaking</b>	<b>18</b>
<b>15</b>	<b>Utskifting av utstyr</b>	<b>18</b>
<b>16</b>	<b>Eigarskifte</b>	<b>18</b>
<b>17</b>	<b>Nedlegging</b>	<b>18</b>
<b>18</b>	<b>Tilsyn</b>	<b>19</b>
<b>VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1</b>		<b>20</b>
<b>VEDLEGG 2 - Definisjonar</b>		<b>22</b>

## 1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av avfall.

Maksimal mengde avfall lagra på verksemda sitt område skal ikkje overstige 980 tonn. Verksemda kan årleg ta imot maksimalt 11 250 tonn avfall, 100 tonn farleg avfall og 4000 kasserte køyretøy. Detaljerte krav går fram av tabell 1.

Tabell 1: Avfallstypar, aktivitetar, lagringsmengder og lagringstider


Type avfall	Maksimal lagringsmengde, tonn	Maksimal lagringstid	Maksimal årleg mottaksmengde	Aktivitet
Jern, metall, kabel	830 tonn	6 månader	11 250 tonn	Mottak, behandling* og lagring
EE-avfall**	10 tonn			Mottak og lagring
Kasserte køyretøy - Usanerte - Sanerte	20 tonn	1 måned	4000 stykk	Mottak, miljøsanering og lagring
	70 tonn	6 månader		
Kasserte blybatteri (EAL 16 06 01)***	50 tonn	6 månader	100 tonn	Mottak, mellomlagring og vidaresending

\* Behandling som klipping, pressing og demontering. Løyvet omfattar ikkje fragmentering.

\*\*For mottak og lagring av EE-avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt. Løyvet omfattar ikkje lysstoffrøyr og sparepærer som er definert som både EE-avfall og farleg avfall.

\*\*\* For mottak og lagring av farleg avfall gjeld krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Figur 1 viser kart over anleggsområdet. Aktivitet knytt til løyvet skal gå føre seg på området som vist i figuren.



**Figur 1:** Kart over anleggsområdet til Norsk Gjenvinning Metall avd. Arna viser kvar aktivitetane knytt til løyvet går føre seg.

Verksemda er godkjent av Statsforvaltaren til å skrive ut vrakmelding. Skatteetaten utbetaler vrakpant, jf. avfallsforskrifta § 4-9.

Dersom ein aktivitet er regulert både i løyve og forskrift er det strengaste krav som er gjeldande.

Vedlegg 2 viser ei liste med forklaringar på nokre ord og uttrykk som er brukt i løyvet.

Mengda avfall som verksemda lagrar skal til ei kvar tid vere avgrensa til det som kan lagrast på ein forsvarleg måte etter krava i dette løyvet. Krav til lagring er nærare omtalt under punkt 3 i løyvet.

### 1.1 Utforming av anlegget

Handtering av avfall skal skje på område som er tilstrekkeleg sikra for å hindre tilkomst for uvedkommande.

Verksemda skal best mogleg skjerme bustader, nærområde og offentleg veg for skjemmande innsyn.

Det skal ved behov etablerast avskjerande overvassgrøfter eller tilsvarande for å hindre at overvatn kjem inn på avfallsanlegget.

Nærare krav til utforming er spesifisert for dei ulike aktivitetane under punkt 3.

## 2 Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet.

### 2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette grenser, pliktar verksemda å redusere forureining, under dette støy og lagring av avfall, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for gjennom vilkår i løyvet.

### 2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

### 2.4 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 12.4.

### 2.5 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift<sup>3</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til forureining følgjer av punkt 12.1.

---

<sup>3</sup> Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

## 2.6 Krav til kompetanse

Verksemda plikter å sjå til at anlegg og installasjonar blir drive av personar med nødvendig opplæring og kompetanse. Dette skal dokumenterast.

Verksemda skal dagleg ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne vurdere miljørisiko ved verksemda og gjennomføre betringstiltak for å sikre at verksemda driv i samsvar med løyve og anna regelverk.

På anlegget skal ein ha særskild kompetanse på følgjande område:

- avfallskvalitet inn og ut av anlegget
- EE-avfall: Opplæring og oppdatert kompetanse om regelverk og handtering for alle medarbeidarar som skal handtere EE-avfall, og plan for kompetanseutvikling
- kasserte elektriske- eller hybridbilar: godkjent opplæring og kompetanse for behandling dersom verksemda handterer denne typen køyretøy
- handtering av farleg avfall

## 3 Krav til behandling og handtering, inkludert lagring av avfall

Avfall må behandlast, handterast og lagrast slik at kvaliteten ikkje blir redusert eller avfallet blir mindre eigna for gjenvinning. Behandling, handtering og lagring må heller ikkje føre til fare for sjølvtenning.

### 3.1 Journalføring

Verksemda skal føre dagleg journal over kva slags avfall, kvalitet og mengder som blir teke imot og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje på vekt. Mengder og leveringsstader for avfallet ut frå anlegget skal journalførast. Journalane skal vere lett tilgjengeleg ved kontroll og skal oppbevarast i minst 3 år.

På bakgrunn av journalen skal verksemda sikre at det er balanse mellom avfallsmengder inn til og ut av anlegget, og avfall til behandling og på lager.

Det er særskilte krav til journalføring for farleg avfall, jf. punkt 3.2.1, og miljøsanering av kasserte køyretøy, jf. punkt 0.

### 3.2 Mottakskontroll

Verksemda skal ha rutinar for mottakskontroll for å sikre at avfallet som kjem inn til anlegget ikkje er i strid med løyvet. Rutinane skal også hindre innblanding av ulovleg avfall og at ulovleg avfall som kjem inn på anlegget blir sortert ut og levert til anlegg med løyve til å ta imot slikt avfall.

Ulovleg avfall som kjem inn skal registrerast som avvik. Mottakskontrollen skal også omfatte eit system og rutinar som hindrar at slikt gjentar seg.

Verksemda skal spesielt ha dokumentert mottakskontroll som sikrar at kasserte køyretøy ikkje fører til fare for forureining.

### **3.2.1 Farleg Avfall**

Verksemder som mottar farleg avfall skal ha tilfredsstillande internkontrollsystem, jf. punkt 2.5 om internkontroll og internkontrollforskrifta. Internkontrollen skal sikre at mottatt farleg avfall er deklarerert eller lovleg importert slik at den vidare handteringa kan skje på en forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta § 11-12 og § 11-13. All handtering av farleg avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 2.5 Internkontroll og punkt 12 Førebygging og beredskap mot forureining. Verksemda skal ha kart der det går fram kvar ulike typar farleg avfall er handtert og lagra. Lagra farleg avfall skal vere merkt slik at det går fram kva som er lagra, ha forsvarleg tilsyn og vere sikra slik at uvedkommande ikkje får tilgang.

Farleg avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller danne farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.

### **3.2.2 Finansiell sikring**

Vi viser til Avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4 nr. 4 om krav til etablering av finansiell sikring. Verksemda skal stille finansiell sikring for kostnader med å ta hand om alt farleg avfall ved verksemda sitt anlegg ved nedlegging, stans, vesentleg misleghald eller ved betalingsproblem.

Utan ei godkjent sikring kan verksemda ikkje ta imot farleg avfall ved anlegget, med mindre Statsforvaltaren har gitt ei mellombels utsetjing av kravet.

Dersom det driftsansvarlege selskapet vert overdratt, fisjonerert/fusjonerert, får nye eigarar med avgjerande innverknad, på annan måte vert omdanna eller overfører den forureinande verksemda til nytt ansvarleg selskap, skal dette meldast til Statsforvaltaren. Nytt driftsansvarleg selskap kan ikkje drive etter dette løyvet før Statsforvaltaren har mottatt og godkjent ny tilfredsstillande finansiell sikring frå det nye driftsansvarlege selskapet. Nytt driftsansvarleg selskap er ansvarleg etter løyvet fram til nytt driftsansvarleg selskap har etablert finansiell sikring, og denne er godkjent av Statsforvaltaren

### **3.3 Informasjon til kundar**

Verksemda skal informere alle kundar om kva for avfallstypar og fraksjonar som er tillate levert til anlegget.

Det skal særleg informerast om at EE-avfall ikkje skal blandast med anna avfall ved merking av konteinarar, krav i kontraktar og avtaler, informasjon på nettsider med vidare.

### **3.4 Krav til dekke**

*Tett dekke*

Behandling og handtering, inkludert lagring, av følgjande avfallstypar skal gå føre seg på tett dekke:

- farleg avfall
- EE-avfall
- kasserte køyretøy

Verksemda kan nytte anna lagringsmåte dersom miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

For kasserte køyretøy skal følgjande uansett gå føre seg på tett dekke:

- mellomlagring av skadde køyretøy eller andre køyretøy med fare for lekkasje
- miljøsanering (fjerning/tapping av miljøfarleg avfall frå vraka)
- oppstilling av sanerte køyretøy
- pressing
- oppstilling av pressa køyretøy

#### *Fast dekke*

Behandling og handtering, inkludert lagring, av andre avfallstypar som kan føre til fare for forureina avrenning skal minst gå føre seg på fast dekke.

Dersom risikovurderinga viser at det er naudsynt, skal behandling og handtering, inkludert lagring, likevel skje på tett dekke.

#### *Vedlikehald av dekke*

Verksemda må gjennomføre regelmessig inspeksjon og vedlikehald av dekket.

### **3.4.1 Frist for tett dekke for oppstilling av sanerte og ferdigpressa køyretøy**

Verksemda skal snarast mogleg få på plass tett dekke for oppstilling av sanerte og ferdigpressa køyretøy i samsvar med punkt 3.4 i løyvet. Fristen for utbetring av tett dekke er 1. mars 2020.

### **3.5 Krav til skjerming for nokre avfallstypar**

Handtering, inkludert lagring, av avfall som kan føre til forureina avrenning skal som eit minimum gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind. Verksemda kan velje anna vern eller utføre tiltak for å hindre fare for nemnde forureiningar dersom miljørisikovurderinga viser at dette gir like låg risiko og elles er innanfor krava i løyvet.

Følgjande avfallstypar/-aktivitetar skal som eit minimum lagrast/gå føre seg under tak og skjerma for vêr og vind:

- EE-avfall
- miljøsanering av kasserte køyretøy
- blybatteri

### **3.6 Behandling av kasserte køyretøy**

For mottaks- og behandlingsanlegg for kasserte køyretøy gjeld krava i avfallsforskrifta § 4-7 i tillegg til krava i dette løyvet.

#### **3.6.1 Miljøsanering**

Miljøsanering av kasserte køyretøy skal minst følgje krava i avfallsforskrifta kapittel 4, vedlegg 1 om kasserte køyretøy. Miljøsanering skal gjennomførast så snart som mogleg etter mottak, og batteri skal takast ut.

Ferdigsanerte køyretøy skal korttidslagrast på tappeplassen for at eventuell væske som er igjen i bilen kan drype av.

### **3.6.2 Stabling av kasserte køyretøy**

Sanerte køyretøy som er samanpressa/med samanpressa førarhus kan lagrast maksimalt 3 stykk i høgda, maksimalt 5 meter høgt.

### **3.7 Vidarelevering av avfall**

Verksemda skal leggje til rette for høgast mogleg grad av sortering og gjenvinning av alt avfall.

Vidarelevering av avfall skal skje innanfor rammene av forureiningslova, jf. §§ 7 og 32.

Det skal dokumenterast at avfall som blir levert til avfallsdeponi oppfyller krava til kvalitet i avfallsforskrifta vedlegg II om karakterisering og kriterium for mottak av avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-11<sup>4</sup>.

EE-avfall skal leverast til lovleg mottak eller behandlingsanlegg.

## **4 Utslepp til vatn**

### **4.1 Utslepp av avløpsvatn, inkludert forureina overvatn**

Alt vatn som har vore i kontakt med avfall og eventuelt spyle- og vaskevatn, overvatn frå trafikkområde og utandørs lagringsområde skal reknast som forureina avløpsvatn.

Utslepp til vatn frå avfallshandtering innandørs og under tak er ikkje tillate. Eventuell avrenning skal samlast opp, handterast og klassifiserast før levering til lovleg avfallsanlegg.

Alt forureina avløpsvatn skal samlast opp og førast ut i Sørfjorden på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg. Forureina avløpsvatn skal passere ein kontrollkum med moglegheit for uttak av prøver.

Det er ikkje tillate å sleppe ut forureina avløpsvatn til grunn, bekk eller overvassystem.

Reingjering av dekke, golv, konteinarar og anna utstyr skal i størst mogleg grad utførast ved bruk av tørre metodar. Vatn brukt til slike føremål skal i størst mogleg grad resirkulerast.

### **4.2 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.**

Eventuelt avløpsvatn forureina med olje skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarende reinseining slik at utsleppsgrensa fastsett i tabell under blir halden. Oljeutskiljaren skal vere dimensjonert for dei faktiske vassmengdene som blir tilført.

Vatn frå uteområde med tett dekke for kasserte køyretøy skal uansett vere koplta til sandfang og oljeutskiljar.

---

<sup>4</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)



**Tabell:** Utsleppsgrense for avløpsvatn forureina med olje:

Kjelde	Komponent	Konsentrasjonsgrense
Reinseining for avløpsvatn forureina med olje	Olje	5 mg/l

Verksemnda må gjennomføre tiltak for å hindre utslepp av plast og liknande.

### 4.3 Utgreiing av utslepp til vatn

Verksemnda skal kartlegge utslepp av prioriterte miljøgifter til vatn ved å

- utføre målingar av utsleppet, jf. vedlegg 1. Kartlegginga skal omfatte innhald, variasjon og årlege mengder
- gjennomføre miljørisikovurdering av utsleppa, inkludert handlingsplan for å redusere utslepp som fører til uakseptabel miljørisiko

Person/firma som gjennomfører utgreiinga skal vere uavhengig og ha relevant kompetanse. Utgreiinga skal sendast til Statsforvaltaren innan 1. mars 2020.

### 4.4 Reint overvatn

Reint overvatn skal førast vekk slik at dette ikkje kjem i kontakt med avfall. Avrenning av reint overvatn frå utearealet til verksemnda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

### 4.5 Oversikt

Verksemnda må ha dokumentert oversikt over leidningsnett, kummar, tankar, oljeutskiljarar, utslepp- og prøvetakingspunkt og liknande.

### 4.6 Sanitæravløpsvatn

Sanitært avløpsvatn skal handterast etter krav frå kommunen.

### 4.7 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemnda skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal verksemnda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta.

## 5 Utslepp til luft

Verksemnda skal drive slik at støv og lukt ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe for naboar og miljø.

## 6 Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg rundt verksemda skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som fritt feltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Sun- og heilagdaggar	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

Levening er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.

Lnight er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

LAFmax er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si drift, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygg- og anleggsverksemd og frå persontransport av tilsette til og frå verksemdsområdet er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad av type nemnd ovanfor som er etablert etter at støygrensene tok til å gjelde.

## 7 Omsyn til nærmiljø

Avfallet skal behandlast, handterast og lagrast slik at det ikkje er skjemmande eller fører til fare for samling av fugl, flygeavfall, skadedyr eller anna forureining eller andre ulemper for omgjevnadane. Om nødvendig må tiltak setjast i verk.

Nærare krav er omtalt under punkt 0, 4, 5 og 6.

## 8 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal ikkje føre til utslepp til grunn eller grunnvatn som kan føre til skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda plikter å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda plikter vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense miljøverknadane av eit eventuelt utslepp til grunn og grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal forhindre utslepp til grunn og grunnvatn eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like jamleg. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadane og ulempene som verksemda skal unngå.

Verksemda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Terrenginngrep som kan føre til fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2<sup>5</sup>, eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

## 9 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.5 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>6</sup>

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket<sup>7</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

## 10 Energi

### 10.1 Energileiing

Verksemda skal ha eit system for energileiing. Systemet skal sikre kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.5 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

### 10.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

---

<sup>5</sup> Jf. Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

<sup>6</sup> Produktkontrolllova § 3a om substitusjonsplikta

<sup>7</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

## 11 Avfall frå drifta av anlegget

Så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar eller ulemper pliktar verksemda å unngå at det blir danna avfall som følgje av drifta. Særleg skal ho prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemda pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta<sup>8</sup>.

Søl frå olje eller kjemikal skal fjernast med absorberande middel og behandlast som farleg avfall.

Avfall som oppstår skal om mogleg brukast på nytt i produksjonen. Dette må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

## 12 Førebygging og beredskap mot forureining

### 12.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ei miljørisikoanalyse, og må vurdere resultatene av analysen med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemda eller utanfor. Ved endringar ved anlegget skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

All behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering.

### 12.2 Førebyggjande tiltak

På bakgrunn av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### 12.3 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining.

Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer.

Dersom aktuelt, skal verksemda øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

---

<sup>8</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)

## 12.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>9</sup>. Verksemda skal også så snart som mogleg varsle Statsforvaltaren gjennom [fmv/post@fylkesmannen.no](mailto:fmv/post@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

## 13 Utsleppskontroll og rapportering til Statsforvaltaren

### 13.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal systematisk kartleggje alle utslepp frå verksemda til luft og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av programmet for utsleppskontroll, jf. punkt 13.4.

Verksemda skal også kartleggje støy frå verksemda, jf. punkt 6.

### 13.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utsleppa til luft og vatn ved å gjennomføre vurderingar, og målingar der det er naudsynt.

Målingar omfattar volumstraumsmåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i løyvet
- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdiar fastsett i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig verknad og med det er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstraumsmåling - prøvetaking - analyse - utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

### 13.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast. Statsforvaltaren kan vidare godta at annan metode brukast dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at det særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volumstraumsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta dersom slik tenesteyter finst.

---

<sup>9</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analyser med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametrane som er regulert gjennom presise grenseverdiar, når verksemda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gir representative prøver.
- jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr.

### **13.4 Program for utsleppskontroll**

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 13.1 første ledd), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 13.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 13.3)

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- Ei utgreiing for verksemda sine faktiske utslepp til luft og vatn, og støy, med ein oversikt over alle utsleppstraumar, volum og innhald, til luft og vatn
- Ei skildring av dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- Ei skildring av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvens for måleutstyrskontroll og kalibrering
- Ei grunngeving for valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- Ei skildring av valde metodar/standard for analyse
- Dersom aktuelt, ei grunngeving for valt frekvens for deltaking i SLP og /eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- Ei utgreiing for kva for utsikkerheitsbidrag dei ulike trinna gir

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

### **13.5 Rapportering til Statsforvaltaren**

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere frå førre år til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan be om at standard rapporteringsskjema blir brukt og at rapportering skal skje via Altinn.

Rapporten skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Oppsummering av avfallsmengder og -typar inn og ut av anlegget, og kvar avfallet er levert vidare
- Lagerstatus ved slutten av året (31. desember)
- Omfang av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet, handtering av dette, og utgreiing av førebyggjande tiltak og informasjonstiltak
- Eventuelle avvik innan ytre miljø og gjennomførte tiltak
- Vurdering av status for utslepp og påverknad av miljø vurdert opp mot krava i løyvet, inkludert vurdering av om det er naudsynt med tiltak for å redusere forureining til sjø, jf. punkt 4
- Oppsummering av status for internkontrollen, inkludert ei vurdering om verksemda har heldt krava i løyvet og om verksemda fører til miljøulemper som bør utbetrast

## 14 Miljøovervaking

Dersom måling av forureina avløpsvatn viser uakseptabel forureining skal verksemda overvake korleis utslepp frå verksemda påverkar tilstanden i vassførekomsten. Overvakinga skal gjennomførast i tråd med føresegnene i vassforskrifta for tiltaksorientert overvaking.

Eit ev. overvaksingsprogram skal sendast til forureiningsmynde for eventuelle merknader.

Resultata frå undersøkinga skal sendast forureiningsmynde innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført.

Overvaksingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data skal rapporterast på Vannmiljø's importformat. Importmal og oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø's kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

## 15 Utskifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining.

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille dei krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining som følgjer av relevante BAT-konklusjonar, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom verksemda skal skifte ut utstyr som kan vere av vesentleg tyding for verksemda sitt utslepp, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det blir tatt avgjerd om val av utstyr.

## 16 Eigarskifte

Om verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

## 17 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Statsforvaltaren kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar. Dersom verksemda allereie har stilt garanti i samsvar med løyvet, kan forureiningsmynde i samband med ei nedlegging eller lengre driftsstans likevel krevje at garantien om nødvendig blir utvida.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>10</sup>. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Dersom verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

## **18 Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

---

<sup>10</sup> Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall



**VEDLEGG 1 – Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1**

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet.

**Metall og metallsambindingar:**

	<b>Forkortingar</b>
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiumsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølv-sambindingar	Hg og Hg-sambindingar

**Organiske sambindingar:**

<b>Bromerte flammehemmarar:</b>	<b>Vanlege forkortingar</b>
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

**Klorerte organiske sambindingar**

1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksin og furaner	Dioksin, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> -C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> -C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorete bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Triklloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

**Enkelte tensid:**

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

**Nitromusksambindingar**

Muskxylen	
-----------	--

**Alkyfenolar og alkylfenoletoksyler:**

Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE

4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol
<b>Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)</b>	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOSPFOS, PFOS-relaterte sambindingar	
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar	
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA
<b>Tinnorganiske sambindingar:</b>	
Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT
<b>Polysykliske aromatiske hydrokarbon</b>	
	PAH
<b>Ftalat</b>	
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	DEHP
Dibutylftalat	BBP
Diisobutylftalat	DBP
	DIBP
<b>Bisfenol A</b>	
	BPA
<b>Siloksan</b>	
Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4
<b>Benzotriazolbaserte UV-filtre</b>	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350

## **VEDLEGG 2 – Definisjonar**

I utgangspunktet gjeld alle definisjonar slik dei er nedfelt i det norske regelverket. I tillegg til regelverket er også definisjonar nedfelt i Norsk Standard lagt til grunn. I dei tilfelle der det i dette løyvet er brukt nemning eller uttrykk som ikkje er dekt av anna norsk regelverk/standardar gjeld følgjande definisjonar:

**Avløpslam:** Alle typar avløpslam/slam som oppstår i samband med avløpsreinsanlegg, septiktankar/slamavskiljarar, mindre innretningar og samlekkummar for avslamming av sanitært avløpsvatn og overvatn, og andre oppsamlingstankar med ubehandla sanitært avløpsvatn.

**Avløpsvatn:** sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn

**Behandling:** prosessar, under dette sortering, som endrar eigenskapane til avfallet med formål å redusere volum, fare, gjere det lettare å handtere eller enklare å gjenvinne

**Bulklast:** last som blir frakta i laus form i lasterom eller vogner. Døme på bulklast er trevirke

**Fast dekke:** dekke som har ei hard overflate, til dømes asfalt. Ikkje grus og liknande

**Ferdig kompost:** kompost som tilfredsstiller minstekrav til produktkvalitet i gjødselvereforskrifta

**Handtering:** fellesnemning for mottak og gjenvinning under dette førebuing til og lagring i påvente av gjenvinning eller sluttbehandling

**Køyresterkt dekke:** dekke som har ei hard overflate, til dømes grus

**Lagring:** all oppbevaring av avfall før vidare handtering eller vidaretransport til anna lovleg mottak

**Omlasting:** all overføring/fysisk flytting av sortert avfall frå ei oppbevaringseining til meir tenleg oppbevaringseining, ofte frå ei mindre eining til ei større. Omlasting av avfall endrar ikkje samansetninga til avfallet eller eigenskapar

**Organisk avfall:** matavfall, hageavfall og anna avfall som kan brytast ned frå hushald og næring, inkludert avfall frå industri som kan brytast ned, landbruk, akvakultur og avløpslam

**Overvatn:** overflateavrenning som følgje av nedbør eller smeltevatn

**Smittefarleg avfall:** avfall frå medisinsk behandling eller veterinærbehandling og/eller tilhøyrande undervisning, forskning og diagnostikk som inneheld levedyktige mikroorganismar eller deira toksin som kan forårsake sjukdom hos menneske eller andre levande organismar

**Sortert avfall:** avfall der innhaldet til alle fraksjonane er kjent. Sortert avfall blir også kjenneteikna ved at samansetninga er utprega homogen, det vil seie er samansett av like material/materialtypar

**Stikkande og skjerande avfall:** Til dømes brukte kanylar, brukte skalpellblad, brukte sakser og pinsetter, reagensrøyr med blod, puss eller vevsrestar

**Stykkogods:** last som blir frakta i einingar som kan handterast av kran eller køyretøy. Døme på stykkogods er fat, store sekkar eller pallar

**Tett dekke:** fast ugjennomtrengelig og tilstrekkeleg slitesterkt dekke med oppsamlingsmoglegheit for alle dei material/avfallstypar som skal handterast på eller i same område som det tette dekket (vatn, væske, faste stoff og liknande). Tett dekke er normalt betong i dag

**Usortert avfall:** avfall der innhaldet til alt eller delar av avfallet er ukjent og der avfallet ikkje har gjennomgått ei avsluttande behandling

**Våtorganisk avfall:** matavfall og avfall frå næringsmiddelindustri, som avfall frå produksjon av kjøt, fisk, meieriprodukt, øl og mineralvatn, frukt og grønt, og bakarvarer



Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna  
Storaneset 42  
5260 Indre Arna

Saksbehandler, innvalgstelefon  
Toril M Mulen, 5764 3127

## Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna i Bergen kommune

---

**Fylkesmannen gir Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna (NGM) løyve etter forureiningslova til mottak og behandling av jern og metall, og mottak av EE-avfall. Løyvet til mottak og behandling av kasserte køyretøy er i tillegg auka frå 2000 køyretøy til 4000.**

**Krava i det nye løyvet er oppdatert etter dagens standard, og krav knytt til handtering av avløpsvatn og overvatn er skjerpa. Vi har sett strengare krav til dekke og skjerming mot vêr og vind, og løyvet regulerer mellom anna utslepp til vatn, luft og støy.**

---

Vi viser til søknad av 26.09.2013 om løyve etter forureiningslova, med tilleggsopplysningar datert 3.2.2017 og opplysningar som kom fram under behandlinga av søknaden.

Fylkesmannen gir løyve på visse vilkår. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og 29, og avfallsforskrifta §§ 4-7. Løyvet følgjer vedlagt. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket elles vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Tiltak som fører til fare for forureining av vatn har vi vurdert etter vassforskrifta §§ 4-6, der føremålet er å beskytte og om nødvendig betre miljøtilstanden i elver, innsjøar, grunnvatn og kystnære område. Vi har også lagt prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 til grunn ved vurdering etter forureiningslova.

Dei utsleppa som vi reknar med har størst verknad på miljøet, har vi regulert gjennom særlege vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad



opplysningar om slike utslepp vart framlagt under sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor liggje føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

At vi har gitt løyve til forureininga, fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter, er straffbare.

I dei tilfelle der det er krav både i løyve og i forskrift er det dei krava som er strengast av forskrifta og løyvet som gjeld.

I vedlegg 2 i løyvet er ei liste med forklaringar på nokre ord og uttrykk som er brukt i løyvet.

#### *Offentleggjing av løyvet*

Vedtaket om løyvet vil bli offentliggjort på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

## **Bakgrunn og søknad**

Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna (NGM) har løyve til mottak og miljøsanering av 2000 køyretøy per år, jf. løyve datert 12.12.2012. Verksemda har søkt om å auke mottak av kasserte køyretøy til 4000 køyretøy per år. I tillegg er det søkt om løyve til årleg mottak og behandling av 11 250 tonn jern, metall og EE-avfall.

I januar 2019 søkte NGM om løyve til å ta imot, mellomlagre og vidaresende blybatteri (EAL 160601) til godkjent sluttbehandling, med ei maksimal lagringsmengde på 100 tonn. Denne søknaden vart trekt i februar 2019.

## **Saksgang**

Søknaden har vore på offentlig høyring i avisene Bergens Tidende og Bygdanytt og på nettsida til Fylkesmannen. Søknaden vart også sendt til Bergen kommune for uttale. Det kom inn ei uttale frå den offentlege høyringa. Uttalen kom frå Bergen kommune. NGM har fått kommentere uttalene.



### **Uttale frå Bergen kommune**

Bergen kommune tek søknad om utvida aktivitet på Storanaset 42 frå NGM til etterretning, og kan med nokre vilkår stø søknaden.

Kommunen påpeiker at den utvida aktiviteten som NGM søker om ikkje må medføre auka fare for forureining, eksplosjon/brannfare eller støybelastning for omgjevnadane. Det må skaffast ein plan som viser korleis dette skal sikrast.

NGM søker om å utvide sitt løyve. NGM mottar og behandlar utrangerte bilar. Dei ynskjer å auke tal mottekne køyretøy frå 2000 til 4000, i tillegg få utvida driftstid frå 07 – 21 på kvardagar og 09 – 17 på laurdagar. Hovudaktiviteten vil gå føre seg i tidsrommet 07:30 – 15:30.

#### Uttale frå etat for Helsetenester:

Avdeling for miljøretta helsevern ved Helsevernetaten uttalar seg som helsemynde og forureiningsmynde. Lov om folkehelsearbeid § 4.3, pålegg helsetenesta, gjennom råd og uttaler, å medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretekne i andre offentlege organ si planlegging.

Miljøretta helsevern skriv i sin uttale at dei ikkje har registrert klager på NGM. Dei skriv og at dei har ikkje vore inne på NGM sitt område, men sett utanfrå ser det ut til at verksemda sitt område er forsvarleg inngjerda.

NGM grensar mot kommunal veg/kommunal eigedom. Miljøretta helsevern føreset at verksemda har eit stort nok areal med fast dekke for oppbevaring av bilvrak på sin eigedom slik at den auka aktiviteten ikkje fører til mellomlagring av bilar langs kommunal veg eller på annan kommunal eigedom. Elles føreset avdeling for miljøretta helsevern at NGM har retta seg etter dei pålegg som vart gitt i Fylkesmannen sin tilsynsrapport i 2015.

NGM ligg nær eit bustadområde, og det er derfor viktig jamfør miljøretta helsevern at den planlagde auka i aktivitet ikkje fører til auka støybelastning, eller andre ulemper for bebuarane. Spesielt med tanke på at også andre verksemder i same område planlegg auka aktivitet. Støyande aktivitetar bør ikkje gå føre seg utanfor NGM si normale opningstid 07:30 – 15:30.

#### Uttale frå Bymiljøetaten:

Området langs sjøen like nord og sør for eigedommen er regulert til friområde i gjeldande plan. I tillegg er eit område nord i Arnavågen vist som lokalt viktige område for andefugl i Grønt atlas. Utover dette er det ingen spesielle grøntfaglege registreringar knytt til eigedommen eller eigedommen sine nære omgjevnader.

Bymiljøetaten reknar det som mindre sannsynleg at tiltak det er søkt om vil gjere det vanskelegare å nå målet om god økologisk og kjemisk tilstand i Arnavågen, jf. vassforskrifta §§ 4 til 6. Arnavågen står oppført i Vann-nett med risiko for at miljømålet ikkje vil bli nådd innan 2021. Bymiljøetaten viser her til at når det gjeld forureiningskategoriane «avrenning frå byar og tettstader» og «avrenning frå andre diffuse kjelder» er Arnavågen identifisert med middels påverknadsgrad. NGM opplyser at alt overflatevatn går via sluk til oljeutskiljar som blir leia til sjø, og at dei gjennomfører prøvetaking.

Bymiljøetaten kommenterer at trafikkbiletet på Storanaset er utfordrande med tanke på parkering/bilvrak på og ved naboeigedommen. Det er for tida ei pågåande sak mellom Fylkesmannen, Helsevernetaten og eigar av naboeigedommen, og ei løysing på denne saka vil truleg



avklare situasjonen. Ut over dette har vegen god nok standard til å handtere ein auke i trafikk til mottaket.

Uttale frå Bergen brannvesen:

Bergen brannvesen har vurdert søknaden frå NGM utifrå forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff mm, og forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff.

Endringa fører til, slik Bergen brannvesen ser det, ei dobling i mengda køyretøy som skal takast imot og vrakast frå 2000 til 4000 pr år med maksimal lagringstid 6 månader. Dette vil føre til ein auke av mengda farleg stoff som verksemda skal handtere. Bergen brannvesen uttaler at NGM må vurdere om drifta krev melding/søknad til Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB). Dette gjeld til dømes bensin, diesel, gass og pyroteknisk stoff frå beltestrammarar og kollisjonsputer.

Det er per no god tilkomst til eigedommen jamfør Bergen brannvesen og dei føreset at dette vert opprettheldt.

Bergen brannvesen uttaler at det må gjennomførast sikringstiltak for å hindre at uvedkommande får tilgang til farleg stoff, ref. forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff mm § 15. Uttak for sløkkevatn i området vert vurdert til å vere tilfredsstillande. Vidare uttaler Bergen brannvesen at brannfarleg gass og væske frå kasserte køyretøy må oppbevarast i tankar som er eigna og godkjent til dette føremålet ref. forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff mm § 15.

Bergen brannvesen kan ikkje sjå av den vedlagte ROS-analysen datert 18.11.2013, at det er tatt omsyn til: omgjevnadane ( 3. person, som t.d. bustadar og anna næring), ref. forskrift om farleg stoff § 14. Det må utifrå ROS-analysen vurderast om det skal utarbeidast ein samarbeidsavtale med naboverksemdene, ref. forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff mm § 18. Bergen brannvesen kan heller ikkje sjå av den vedlagte ROS-analysen om det skal opprettast arealmessige avgrensingar rundt utstyr og anlegg der dette er naudsynt, ref. forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff mm § 16. Vidare skriv Bergen brannvesen at samlagring av eksplosiv vare er ikkje spesifisert i søknaden. Ved samlagring av fleire faregrupper, blir strengaste krav til avstand gjeldande for totalmengda, ref. forskrift om handtering av eksplosjonsfarleg stoff kapittel 7.

I søknaden er det ikkje vedlagt ein beredskapsplan, ref. forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff mm § 19. Det er heller ikkje vedlagt ein situasjonsplan, og naudsynte sikkerheits- og driftsrutinar, ref. forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff mm § 15 jamfør uttalen frå Bergen brannvesen.

Uttale frå Plan og bygningsetaten:

For pågåande områdereuleringsplan for Indre Arna gjeld dei same forhold som omtalt i uttale til Indus, Storanaset 12: Pågåande områdereuleringsplan for Indre Arna legg til rette for eit kompakt sentrum. Det vil seie at frå «bommane» og sørover langs fv 276 Ådnavegen/Garnesvegen og del av fv 277 Indre Arna-vegen vert det no planlagt ei vesentleg høgare tettheit enn dagens situasjon. I den samanheng er det viktig at forhold knytt til søknaden som gjeld transport til Indus blir vurdert med omsyn til risiko og sårbarheit i ein framtidig tett bysituasjon langs transportåra jamfør plan og bygningsetaten.





Plan og bygningsetaten uttalar også at risikoen ved transport er i oversendingsskrivet vurdert som mindre i denne saka enn i tilfelle med Indus. Dei uttalar også at for framtidig byutvikling i Indre Arna er ei vurdering av konsekvensar av eventuell auka tyngre transport gjennom sentrum av betydning.

#### Uttale frå Vann og avløpsetaten:

Vann og avløpsetaten har i hovudsak vurdert faren for forureining frå oljeutskiljar. NGM fell utanfor forureiningsforskrifta kapittel 15, og det er Fylkesmannen som formelt skal følgje opp alle utslepp frå verksemda.

Verksemda har utsleppsløyve frå Fylkesmannen, med ein grenseverdi på 50 mg/l for oljeutslepp til sjø. Bergen kommune ved vann- og avløpsetaten har likevel følgd opp dei to oljeutskiljarane som er omtalt i søknaden med utskiljarnummer 220015 og 260020 ( no 350321). Ei årsak til dette kan vere at det tidlegare var verksemd på tomte som vart følgd opp av kommunen, og at endra mynde ikkje har blitt registrert. Ein oljeutskiljar skal uansett følgast opp og tømast jamleg dersom den skal fungere etter hensikta. Vann- og avløpsetaten ynskjer at mynde for oppfølging av utslepp frå oljeutskiljarane blir delegert formelt, eventuelt fråfall, i samband med endring av løyve frå Fylkesmannen.

Vassprøver frå oljeutskiljar 350321 i perioden 2013 – 2017 ligg under grenseverdi. Dette er truleg eit resultat av at oljeutskiljaren «flushast» ved intense nedbørsperiodar, jf. Fylkesmannen sin tilsynsrapport 2015/5451 avvik nr 2 og 3. Vann og avløpsetaten vil ikkje anbefale ein auke i mottatt avfall før verksemda har sett i verk tiltak som hindrar at olje frå oljeutskiljaren blir spylt rett på sjøen ved intense nedbørsperiodar.

Vassprøve frå oljeutskiljar 220015 viser for høge verdiar (78,6 mg/l) i siste prøve som er tatt ( 23.3.15). Vann og avløpsetaten skriv i sin uttale at dei kan heller ikkje sjå å ha motteke vassprøve for 2016 eller 2017. Dei påpeiker at dette er avvik som skulle vore fanga opp og gjort noko med, og viser at risikovurderinga NGM har utført ikkje speglar verkelegheita. Risikovurderinga frå 2015, vedlagt søknad, viser først 2 av 2 at aktiviteten «drift av oljeutskiljar» har ein høg risiko for forureining (raud, verdi 12). Denne er redusert til lav risiko (grøn, verdi 4) med tiltaket «legge inn som handlingsplansaker i TQM Tømming og prøvetaking». Vann- og avløpsetaten opplyser at TQM er eit godt verktøy for prosess-styring og avvikshandtering, men berre dersom det blir brukt aktivt av alle tilsette i verksemda. TQM er ikkje eit tiltak i seg sjølv, og det framkjem ikkje i risikovurderinga kva som blir gjort når det blir målt for høge verdiar av olje i vassprøve, eller når det flyt olje i Arnavågen (jf. hending juli 2014). Vann- og avløpsetaten vil ikkje anbefale ein auke i mottatt avfall før verksemda kan dokumentere lukking av eksisterande avvik, og legge fram eit fungerande system for avvikshandtering.

Vann- og avløpsetaten uttaler at etter ei samla vurdering finn likevel byråden at søknaden på grunnlag av påpeikte vilkår kan anbefalast.

#### **Kommentarar frå NGM avd. Arna til uttalane:**

NGM opplyser følgjande til uttale frå etat for helsetenester:

- Alle bilvrak blir lagra på eigen eigedom. Dei brukar ikkje kommunal eigedom/veg til dette. Alle pålegg gitt frå Fylkesmannen i tilsynsrapport frå 2015 er utbetra.
- All drift går normalt føre seg i perioden 7:30 – 15:30. Det vart i søknad den 29.03.2013 søkt om utviding til drift frå 07:00 til 21:00 og laurdag frå 09:00 til 17:00. Denne form for drift har berre vore gjennomført måndag til fredag i 4 veker i 2015 og 2016 i mars månad for å ta imot eit høgt tal vrakbilar. Frå og med 1.1.2018 vil årsavgifta på bilar inngå i forsikringa, og NGM vil difor få ein mykje jamnare inngang på vrakbilar og behovet for utvida opningstid vil



gå ut. Det vart 29.01.2015 gjennomført støymåling ved verksemda som viser at NGM ligg innanfor krav dei aller fleste dagar. Det vil i 2017 bli gjennomført ny støymåling.

NGM opplyser følgjande til uttale frå Bymiljøetaten:

- Trafikkbiletet på Storanaset er til tider også ei utfordring for NGM, då naboverksemda har bilar parkert langs vegen som vi brukar for transport av varer inn og ut frå vårt anlegg. NGM ser derfor fram til at Fylkesmannen i samarbeid med andre etatar finn ei avklaring på situasjonen.

NGM opplyser følgjande til uttale frå Bergen brannvesen:

- Ein auke i tal bilar frå 2000 til 4000 vil ikkje føre til ein auke i lagra brannfarlege væsker. NGM har i dag plass til å lagre 9 containerar á 800 liter. Når desse er fulle blir det bestilt henting og denne ordninga er uavhengig av kor mange bilar vi får inn til sanering. Dette er lagra på godkjente behaldarar og i eigen miljøcontainer med oppsamling i botn.
- Når det gjeld sikringstiltak for å hindre at uvedkommande får tilgang til farlege stoff, har NGM bom inn til anlegget, området er også sikra med låsbare portar og det er kameraovervaking
- NGM har beredskapsplan, situasjonsplan, sikkerheits- og driftsrutinar som kan sendast om ønskeleg
- NGM har eit godt samarbeid med brannstasjonen i Arna, som er berre 3 min frå verksemda og som også var med på den siste brannøvinga den 28.09.2016
- NMG vil presisere at auken frå 2000 til 4000 bilar ikkje skal føre til lagring av fleire bilar inne på området, men fleire vrakbilar inn vil auke uttransport av ferdig sanerte bilar

NGM opplyser følgjande til uttale frå vatn- og avløpsetaten:

- Vassprøve frå oljeutskiljar i 2015 viste for høge verdiar. Som eit resultat av dette og tilsyn frå Fylkesmannen vart det montert ny oljeutskiljar. Denne vart sett i drift i januar 2016. Nedfallsområde for denne ligg ved. Denne utskiljaren har koalensfilter som vil hjelpe å reinse utløpsvatnet ytterlegare. NGM har laga ei eiga prosedyre for reingjering av dette og det blir utført fire gonger per år
- I den nye utskiljaren er det også montert varslingsssystem som gir signal/alarm ved maks oljelagstjuknad
- Analyseprøvene etter at den nye oljeutskiljaren kom i drift ligg vedlagt, og viser verdiar godt under konsesjonsgrensa på 50 mg/l. Og som driftsjournal viser blir utskiljarane tømte to gongar i året
- Dersom analyseresultat viser verdiar som ligg opp til konsesjonsgrense, blir det laga eit avvik, utskiljar vert tømte og nye prøver vert tekne

## **Fylkesmannen si vurdering og grunngeving**

Fylkesmannen meiner å ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne fatte vedtak i saka.

Vi har teke omsyn til innkomne uttaler, og lagt desse til grunn ved utforming av løyvet.

### *Forhold til plan*

I kommuneplanen sin arealdel frå 2010 er området der verksemda er plassert avsett til «bebyggelse og annet – blandet». Det går føre seg arbeid med reguleringsplan for området. NGM er lokalisert i eit område der det er lagt til rette for industri.



### *Avfallstypar og aktivitetar*

Avfallsanlegget har viktige og samfunnsnyttige oppgåver ved å sørge for gjenvinning av ulike avfallsfraksjonar. Avfallsbransjen er i stadig vekst. Forbruksvekst skaper meir avfall og nye typar avfall som skal handterast. Dette set krav til kontinuerleg utvikling i bransjen og for forureiningsmynde. Når Fylkesmannen set krav i løyve må vi sikre at drifta ikkje fører til uakseptabel forureining, men også at løyvet ikkje er til hinder for utvikling som er til det beste for miljøet. Forureining frå verksemda skal også vurderast opp mot andre fordelar og ulemper ved tiltaket.

Det gamle løyvet omfatta mottak av inntil 2000 kasserte køyretøy i året. No skal verksemda ta imot inntil 4000 kasserte køyretøy i året og inntil 11 250 tonn jern, metall og EE-avfall. Auka mottak krev at omløpshastigheita aukar, både i mengde og i frekvens.

Fylkesmannen har sett krav om at all aktivitet skal gå føre seg på området som vist på kart i løyvet. Vi har også sett som krav at handtering av avfall skal skje på område som er tilstrekkeleg sikra for å hindre tilkomst for uvedkommande.

### *EE-avfall*

Miljøsanering og lagring av EE-avfall skal skje under tak og skjerma for ver og vind, noko som vil seie at det ikkje skal vere avrenning eller anna forureining frå handtering av EE-avfall. Løyvet omfattar ikkje EE-avfall som kan vere farleg avfall, slik som lysstoffrør og sparepærer.

### *Kasserte køyretøy*

Som følge av drifta med mellom anna miljøsanering av kasserte køyretøy, vil det oppstå farleg avfall. Dette avfallet skal lagrast og handterast i tråd med krav i avfallsforskrifta om forsvarleg lagring og regelmessig levering og deklarerering av farleg avfall. Dette kravet er det same for alle verksemder der det oppstår farleg avfall. Verken det gamle eller det nye løyvet omfattar mottak og lagring av farleg avfall.

Verksemda har plikter etter brann- og eksplosjonsvernlova og skal mellom anna sørge for at sikkerheita med omsyn til brann, eksplosjon, handtering av farleg stoff og transport av farleg gods på veg og jernbane vert ivareteke på ein forsvarleg måte. Sikkerheitsomsyn skal være integrert i alle verksemda sine fasar, under dette planlegging, prosjektering, etablering, drift og avvikling, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 19 som Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap er mynde for. Fylkesmannen forutset at NGM overheld pliktene sine i andre lover og forskrifter som gjeld for verksemda.

### *Miljørisikovurdering*

Verksemda har krav til miljørisikovurdering i løyvet, jf. internkontrollforskrifta. I tillegg har vi sett som krav at all behandling og handtering, inkludert lagring, av avfall skal vere basert på risikovurdering. Dette inneber at NGM må risikovurdere alle avfallstypane som blir handtert og lagra på anlegget, og vurdere om miljøvernet er godt nok og om det er naudsynt å redusere fare for forureining ved å utføre tiltak. Til dømes vurdere om det er avfallstypar som må lagrast/handterast under tak.

### *Trafikkbiletet*

Det har kome merknad om at trafikken til og frå anlegget er ei utfordring som må omtalast. Transport til og frå verksemda blir normalt ikkje regulert etter forureiningslova. Dette er tilhøve som vanlegvis blir vurdert av kommunen i samband med utarbeiding av arealplan og reguleringsplan.



### *Utslepp til luft*

Dei har ikkje søkt om endringar som kan føre til endra lukt frå anlegget. Vi vurderer at drifta ikkje vil føre til uakseptable ulemper for nærmiljøet med dei vilkåra som er sett i løyvet.

### *Utslepp til vatn*

Vi har sett krav om at eventuelt overvatn og avløpsvatn forureina med olje skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarende reinseeining før utslepp til sjø, og sett krav til at oljeinnhaldet ikkje skal overstige 5 mg/l. Ved å gjere tiltak for å hindre utslepp av olje og bruk av oljeutskiljar basert på best tilgjengeleg teknologi vurderer vi at det skal vere mogleg å halde ei utsleppsgrense på 5 mg/l, jf. Standard NS-EN 858.

NGM har løyve til utslepp av avløpsvatn som kjem av regnvatn som har vore i kontakt med stål og metall. Verksemda har oppgitt at overvatnet på området blir reinsa via oljeutskiljar. Erfaringsmessig har det vist seg at regnvatn som har vore i kontakt med stål og metall blir forureina av miljøgifter, inkludert tungmetall og organiske miljøgifter. Fylkesmannen vurderer at ein oljeutskiljar ikkje er ei tilfredsstillande reinseeining for denne type avløpsvatn. På bakgrunn av dette og på grunn av status i Sørfjorden og Arnavågen, har vi sett krav om at verksemda må kartleggje utslepp av prioriterte miljøgifter til vatn. I tillegg skal verksemda gjennomføre miljørisikovurdering av utsleppa, inkludert handlingsplan for å redusere utslepp som fører til uakseptabel miljørisiko. Utgreiinga skal sendast til Fylkesmannen.

Vi har også sett som krav at dersom måling av forureina avløpsvatn viser tilførsel av uakseptabel forureining til vassførekomsten skal verksemda overvake, eventuelt delta i felles overvaking av vassførekomsten.

### *Vurdering etter vassforskrifta*

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal ha minst god økologisk tilstand innan 2021. Ein skal ikkje tillate aktivitetar som gir dårlegare miljøtilstand enn god økologisk tilstand.

Verksemda ligg ved vassførekomsten Arnafjorden (ID 261020100-1-C) og Sørfjorden (ID 261020100-2-C). Vasskvaliteten i Sørfjorden vest for NGM sitt anlegg har ifølgje data i Vann-Nett moderat økologisk tilstand medan kjemisk tilstand er sett til «ukjent» på grunn av manglande data. Rett sørvest for verksemda ligg vassførekomsten Arnavågen som ifølgje data i Vann-Nett er vurdert til å ha dårleg økologisk tilstand medan kjemisk tilstand er sett til «ukjent» grunna manglande data. Begge vassførekomstane Arnafjorden og Sørfjorden er i risiko og nye tiltak er nødvendig for å nå god miljøtilstand.

Vi vurderer at tiltaket ikkje vil føre til forverring av økologisk og kjemisk tilstand i vassførekomsten med dei vilkåra som er sett i løyvet og med tanke på status i vassførekomsten. Vi vurderer at krava i vassforskrifta ikkje er til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

### *Vurdering etter naturmangfaldlova*

Anlegget ligg i eit område som er regulert til industri, og tiltaket vil ikkje føre til endring i type aktivitet. Det er ikkje registrert spesielle naturverdiar i direkte nærleik av anlegget. Kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka i hovudsak skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er med det oppfylt. Vi har derfor vurdert at det ikkje vil vere nødvendig å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12, då dette er dekt av krava i løyvet.



## Støy

Verksemda ligg i eit etablert område med fleire industriverksemdar der det er lagt til rette for denne type verksemd. Vi har sett standardkrav for støy som gjeld for industri. Verksemda plikter å halde grenseverdiane for støy heile døgnet.

## Konklusjon

Vi har vurdert at fordelane av verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgje av forureining frå anlegget. Dersom aktivitetane blir drifta med gode rutinar og i samsvar med vilkåra i løyvet, vil miljøtilhøva bli tilfredsstillande teke vare på. Fylkesmannen gir derfor utvida løyve etter forureiningslova.

## Fristar

Tabellen nedanfor gir oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak vi har stilt krav om i løyvet:

Tiltak	Frist	Tilvising til vilkår
Frist for tett dekke for oppstilling av sanerte og ferdigpressa køyretøy	1.3.2020	3.4.1
Sende utgreiing av utslepp til vatn til Fylkesmannen	1.3.2020	4.3
Sende årsrapport til Fylkesmannen for førre år innan 1. mars kvart år	1.3	13.5

## Gebyr

Fylkesmannen tek sakshandsamingsgebyr for arbeid med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert arbeidet med dette løyvet under gebyrsats 5 jf. forureiningsforskrifta § 39-4. Verksemda skal betale 65 600 kroner i gebyr for løyvet. Gebyrsatsen er vald basert på Fylkesmannens ressursbruk ved handsaming av søknaden. Miljødirektoratet sender faktura.

## Retten til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunngitt. Send klagen til Fylkesmannen i Vestland innan tre veker.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.



Med helsing

Nina Vadøy  
overingeniør

Toril Marie Mulen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

Vedlegg: Løyve etter forureiningslova

Kopi til: Bergen kommune